

Florø, 14. januar 2026

Til kontrollutvalet i Kinn kommune

Vedrørende vedtak i kommunestyret i Kinn sak 127/25 – oppfølging

1. Innleiing

Kommunestyret vedtok i sak 127/25, i møte 16.12.2025, følgjande:

«1. Kommunestyret er gjort kjend med Vestland Revisjon KO si undersøking av Bordgleder Kinn kommune KF, datert 26.11.2025.

2. Kommunestyret ber leiinga i det kommunale føretaket om å sikre at det er etablert tydelege og dokumenterbare rutinar for
 - a. separat rekneskapsføring for konkurranseutsett verksemd i føretaket,
 - b. korrekt og etterprøvbar fordeling av kostnader mellom kommunal tenesteproduksjon og konkurranseutsett aktivitet,
 - c. juridisk vurdering og dokumentasjon av eventuelle fordelar (støtte) som kan utgjere ulovleg offentleg støtte etter EØS-reglane.
 - d. Dokumenterbare rutinar skal vere på plass innan 01.01.2026.
3. Frist for rapport tilbake til kontrollutvalet om kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde for å følgje opp desse punkta: 15.01.2026.»

Med dette vert det gjeve rettidig tilbakemelding til kontrollutvalet.

Rutinane som er skisserte nedanfor er implementerte frå 1. januar 2026.

2. Rutinar for separat rekneskapsføring for konkurranseutsett verksemd i føretaket

For å etablere eit rekneskapsmessig skilje mellom konkurranseutsett verksemd og internt sal til eigen kommune, vert rekneskapsdimensjonen «Ansvar» teken i bruk. Dette gjer at alle kostnader og inntekter vert delte mellom dei to verksemdsdelane, og det kan visast separate delrekneskap. Delinga er nærare omtala i punktet nedanfor.

3. Rutinar for korrekt og etterprøvbar fordeling av kostnader mellom kommunal tenesteproduksjon og konkurranseutsett aktivitet

Bruk av fordelingsnøkkel:

For løpande kostnader har Bordgleder nytta ein fordelingsnøkkel basert på omsetning mellom intern og ekstern produksjon. Dette har vore ein effektiv, korrekt og etterprøvbar metode for fordeling av felleskostnader. Spesifikke kostnader for einskildområde (til dømes kostnader knytte til utelukkande eksternt sal) har vorte fordelte 100 % til det respektive einskildområdet åleine. Desse rutineane har vore i tråd med KOSTRA sine tilrådingar for kommunar.

Vi ser at dette ikkje i tilstrekkeleg grad har teke opp i seg problemstillinga knytt til intern og ekstern sal/kostnader for føretaket, og vi vil gjere endringar som er i samsvar med det kontrollutvalet i Kinn peikar på.

Deloitte arbeider i dag med å finne ein fordelingsnøkkel som i større grad kan dokumenterast å vere i samsvar med det som er omtala i punkt fire nedanfor. Det er lagt til grunn at denne vil vere på plass i januar, og vil få verknad frå 1. januar 2026.

For følgjande postar har det ikkje vore rutinar for deling på funksjon:

- 10000 Politisk styring
- 12000 Administrasjon
- 17000 Premieavvik
- 17100 Amortisering av tidlegare års premieavvik
- 17200 Pensjon
- 17300 Premiefond
- 87000 Renter, utbyte og lån

Desse vil frå 1. januar 2026 bli fordelte på ansvar (1000 og 2000). Dette vil då gje eit korrekt bilete av kva som er interne og eksterne kostnader i kvar einskild verksemdsdel. Det vil bli innarbeidd faste rutinar for rapportering, og desse vil verte fast nytta i rapporteringa til eigar (Kinn kommune) og til styret i føretaket.

Døme på korleis kontering frå 1. januar 2026 vil føregå i VISMA rekneskapssystem på funksjon og ansvar.

Konteringslinjer

Beløp	*Art	*Ansvar	*Funksjon	*Objekt	Prosjekt	Sluttdato
3 112,00	11152	1000	22000	1000		
Borgerne FØRDELING Bordgleder Kinn kommune KF intern sal ... Helse og omsorgstjenester i institusjon Helse Bordgleder KF - felles MIDDELS INNG. MVA, INNLAND						
Mottak	CE5863		Kontering	HALHNL17		Affektasjon NORPRO18
2 218,00	11152	2000	32000	1000		
Borgerne FØRDELING Bordgleder Kinn kommune KF ekstern sal ... Kommunal næringspolitikk og ... Helse Bordgleder KF - felles MIDDELS INNG. MVA, INNLAND						
Mottak	CE5863		Kontering	HALHNL17		Affektasjon NORPRO18
1 328,00	11152	1000	23400	1000		
Borgerne FØRDELING Bordgleder Kinn kommune KF intern sal ... Aktiviserings- og pensjonsordninger Helse Bordgleder KF - felles MIDDELS INNG. MVA, INNLAND						
Mottak	CE5863		Kontering	HALHNL17		Affektasjon NORPRO18

Utkast – Bordgleder Kinn kommune KF: rutine for skilje mellom kommersiell verksemd og produksjon til eigen kommune

Bordgleder Kinn kommune KF nyttar rekneskapsdimensjonen «Ansvar» for å skilje mellom kommersiell verksemd og produksjon til eigen kommune.

Budsjett og rekneskap vert førte på følgjande ansvar:

- Ansvar 1000 Bordgleder Kinn kommune KF – intern produksjon
- Ansvar 2000 Bordgleder Kinn kommune KF – kommersiell produksjon

Salsinntekter:

Alle salsinntekter vert førte direkte på respektive ansvar ved fakturering av kundar.

Refusjonar og overføringar:

Vert førte på det ansvaret som årsaka til refusjonen/overføringa knyter seg til.

Løn og sosiale kostnader:

Lønskostnader vert fordelte på dei to ansvara med utgangspunkt i ein fordelingsnøkkel.

Dagleg leiar melder inn eventuelle endringar månadleg til lønsavdelinga for kvar einskild tilsett.

Fordelingsnøkkel ikkje avklåra:

Dagleg leiar i Bordgleder har ein pågåande prosess for å avklare fordelingsnøkkel.

(Fordelingsnøkkelen kan til dømes vere forholdsmessig omsetning i dei to verksemdsdelane.

Fordelingsnøkkelen kan endre seg i løpet av året dersom det skjer større endringar i produksjonen.)

Varekostnader / andre driftskostnader / kapitalkostnader / inngåande fakturaer:

Dersom kostnaden knyter seg direkte til ei konkret verksemd eller ansvar, vert bilaget ført direkte på aktuelt ansvar. Inngåande fakturaer som ikkje kan identifiserast eintydig, eller som gjeld begge verksemdsdelane, vert fordelte på dei to ansvara etter fordelingsnøkkel.

Fordelingsnøkkel ikkje avklåra:

Dagleg leiar i Bordgleder har ein pågåande prosess for å avklare fordelingsnøkkel.

(Fordelingsnøkkelen kan til dømes vere forholdsmessig omsetning i dei to verksemdsdelane.

Fordelingsnøkkelen kan endre seg i løpet av året dersom det skjer større endringar i produksjonen.)

4. Juridisk vurdering og dokumentasjon av eventuelle fordelar (støtte) som kan utgjere ulovleg støtte etter EØS-reglane

Vedlagt ligg eit skriv frå Deloitte datert 10. november 2025, som synleggjer det rettslege utgangspunktet for vurderinga som må gjennomførast og leggjast til grunn for at praksisen skal vere lovleg. Bordgleder legg dette notatet til grunn for praksis og rutinar, herunder dei som er nemnde ovanfor.

5. Avslutning

Når rutinane er konkretiserte skriftleg av Kinn kommune, vil Bordgleder KF kunne orientere kontrollutvalet nærare om korleis desse fungerer i praksis, samt om eventuelle justeringar eller endringar som må gjerast for å sikre at intensjonen i kommunestyret sitt vedtak vert etterlevd på best mogleg måte.

Dagleg leiar vil ta kontakt med kontrollutvalet om dette på eit snarleg tidspunkt.

Vennleg helsing
Halvor Halvorsen
Dagleg leiar